



Referanser:  
Dykker:  
Vår: 22/678 - 22/7344

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:  
16.10.2022

## Melding om administrativt vedtak - Søknad om oppføring av naust og flytebryggje på GBNR 32/96 Bjørkeneset

**Administrativt vedtak. Saknr: 105/2022**

**Tiltakshavar:** Øystein Gjerde, Bjørkeneset 10, 5981 Masfjordnes

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

### VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen syner til plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-4 og gjev løyve til oppføring av naust med båtopptrekk på GBNR 32/96 Bjørkeneset. Søknad om oppføring av naust med båtopptrekk, motteke 18.07.2022 vert godkjent på følgjande vilkår :**

- **Naust med båtopptrekk vert plassert i samsvar med situasjonsplan, motteke 18.07.2022**
- **Søknad om flytebryggje vert fremja i eigen søknad**
- **Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klag på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehavene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikke krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

## **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.2	Basisgebyr	1	5.300,-
	Totalt gebyr å betala		5.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

## **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikke høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikke klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal

teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

Kjartan Nyhammer

landbruksrådgjevar

## Saksutgreiing

### 1. Saka gjeld

Øystein Gjerde søker løyve for oppføring av naust med båtopptrekk og utlegging av flytebryggje på GBNR 32/96. Kommunen har gjeve søker tilbakemelding om at flytebryggja krev søknad om dispensasjon. Søker har bede kommunen handsama naustet no først før søknad om flytebryggja ligg føre.


### 2. Uttale

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikke motteke merknader til naust med båtopptrekk. Det er kome merknader til flytebryggja. Søknad om flytebryggje vert fremja i eigen søknad.


### 3. Fakta

Naustet er plassert i område for naust (N2) i reguleringsplan (endring) for Bjørkeneset. Takvinkel, høgde og storleik på naustet er i samsvar med føresegnene. Båtopptrekk er i samsvar med planformålet innanfor området BBS2. Tiltak krev ikke dispensasjon.

#### Snitt/fasade



### Situasjonsplan



#### **4. Vurdering**

Kommunen har ingen merknader til naustet og båtopptrekket.

#### **5. Konklusjon**

Det vert gjeve løyve til oppføring av naust med båtopptrekk på GBNR 32/96 Bjørkeneset.

